


**Sakshandsamar:**

 Jan Tore Rosenlund  
 E-post: jan.tore.rosenlund@sfj.no  
 Tlf.: 91674735

**Vår ref.**

 Sak nr.: 18/6362-1  
 Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

26999/18

**Dykkar ref.**
**Dato**

LEIKANGER, 18.05.2018

## Notat

Til FRM/Økonomisjefen

Frå FRM/Bygge- og eigedomssjefen

### **STATUS BYGGEPROSJEKT I UTVIKLINGSFASE**

Bygge- og eigedomssjefen vil med dette gi ei kort statusmelding på arbeidet med investeringsprogrammet på bygg. Dette vert gjort ut frå vedteke i investeringsprogram i budsjett 2018/økonomiplan for 2018-2021 (jf FT-sak 59/2017) og som grunnlag for det vidare økonomiplanarbeidet for perioden 2019-2022.

Hovudvekt vert lagt på nye prosjekt i ein tidelegfase og som no ligg med ufordelt løyving i gjeldane økonomiplan, det vi og omtalar som utviklingsprosjekt. Det vert lagt vekt på å gi ei statusoppdatering på dei prosjekta som er omfatta av gjeldane intensjonsavtalar og dei aktuelle prosjekta som av ulike grunnar må konsekvensjusterast i det vidare økonomiplanarbeidet



#### **Nytt opplærings og kompetansesenter i Førde**

Målet med å planlegge eit nytt opplærings- og kompetansesenter i Førde er ei større samling av den fylkeskommunale verksemda i Førde. På den måten kan vi få ei betre resursutnytting, auka kvaliteten på tenestene og opplæringa gjennom større fagmiljø samt styrke støttefunksjonar og elevtenestene i den vidaregåande skulen. Det er vidare ei målsetting at ein med dette skal redusere dei mange leigeavtalane fylkeskommunen har i dag og løyse eigne behov i eigne bygg så langt det er mogleg.

Intensjons- og utviklingsavtale med Førde kommune ligg føre, jf. FU-sak 105/17. Denne gjeld utvikling av eit nytt og samla opplærings og kompetansesenter på Indre Øyrane herunder rammer for eit ev sal av Hafstad vgs. Det vert i no i hovudsak arbeidd med å avklare vesentlege føresetnader før ein endeleg avtale om eit ev. sal kan gjerast. Dette er vesentleg knytt opp til:

- Å fastlegge endeleg arealprogram/byggeprogram slik at kalkylegrunnlag vert betre/sikrere.
- Få kommunalt vedtak på områdeplan og på det grunnlag avklare ev konsekvensar for naudsynt detaljregulering og utbyggingsrammer, transportløyvingar (buss), framdrift, etc.
- Få oversikt over forventa utgifter omkring tomteerverv, ev rekkefylgjekostnader og utgifter vi må pårekne i samband med infrastruktur i kvartalet.

- Avklare ev kommunale behov for idrettsareal og då kva konsekvensar dette vil få for investering og drift. Naudsynt samordning mot regionale planar må i den samanheng drøftast.

Det er gjennomført anbuds konkurranse på eksterne arkitekt- og rådgjevartenester. Arbeid med det interne programarbeidet er godt i gang. Det er ein konstruktiv dialog med kommunen i sakene omkring regulering, ev. kommunale arealbehov og tomteavklaringar.

#### Framdrift

Arbeid med programmering er starta, og dette saman med arbeidet med utarbeiding av anbudsgrunnlag vi være hovudfokus den første tida framover no. Vidare er dialogen for å klargjere kommunale arealbehov og alle vilkår omkring regulering og erverv av areal særst viktige å få avklart. Grovt planlagt er 2018 og 2019 i hovudsak avsett til regulering- og planleggingsarbeid, medan 2020 til 2022 er avsett til bygging.

#### Økonomi

Det er sidan økonomiplanen vart vedteken ikkje vesentlege moment i saka som pr. no tilseier ei anna vurdering av avsette midlar. Vi er framleis i ein tidleg fase med mange usikre moment. Avklaring av prosjektføresetnader heng saman med risikobildet. Det er avgjerande at flest mogleg av dei sentrale prosjektføresetnadane er kjende før ein når «brytningspunktet» det naturlegvis vil være når vi ev. signerer endeleg avtale om sal av Hafstad vgs.



**Sogndal vgs avd Kaupanger / Vitensenter**

Bakgrunnen for prosjektet er at eksisterande lokalitetar til den vidaregåande skulen i dag ikkje er tilfredsstillande og uansett har eit vesentleg oppgraderings- og rehabiliteringsbehov. Næringslivet har samstundes initiert eit prosjekt med eit vitensenter i fylket. Gjennom vedteken intensjonsavtale og innskot av aksjekapital i etablering av selskapet «Vitensenter i Sogn og Fjordane as» er fylkeskommunen engasjert i fleire rollar i prosjektet.

Fylkeskommunen v/ bygge- og eideomsavdelinga står som eigar og tiltakshavar medan selskapet Vitensenter i Sogn og Fjordane står som planlagt leigetakar i utleigedelen av prosjektet. Det pågår no arbeid med rammeavklaringar for prosjektet. Dette er knytt til arealbruk, infrastruktur, ansvarsområde, grensesnitt, leigevilkår, etc. Det er ein føresetnad at endeleg og langsiktig leigeavtale for utleigedelen må være signert før entreprisar vert kontrahert og byggearbeida startar.

Teknologi og energieffektive løysingar er naturleg å løfte fram i denne satsinga. Det er ei målsetting at ein saman i dette prosjektet kan finne miljøvennlege løysingar i tråd med våre regionale mål og planar. Samstundes kan og bygget og dei tekniske løysingane ev. være ein del av formidlinga i eit vitensenter. Senteret er eit opplevings- og læringscenter i teknologi slik at ei felles satsing innanfor dette området ligg det til rette for å utvikle.

#### Framdrift

Det er plan å få utarbeide eit felles byggeprogram og anbudsgrunnlag for tiltaket i løpet av 2018 slik at ein kan lyse ut prosjektet og få byggetart i løpet av 2019. Ein kan då ha målsetting om ferdigstilling/opning i 2020.

#### Økonomi

Ei teknologisk satsing kan utfordre investeringsramma. Vitensenteret har og signalisert at dei ynskjer meir areal enn det som er lagt til grunn i gjeldane økonomiplan. Dette føreset ei høgare investering men og større leigeinntekter. Det vert no arbeidd med avklaringar omkring dette slik at ein i framlegg til budsjett 2019/økonomiplan 2020-22 ev. kan legge fram meir detaljert forslag om dette.



**Flora Idrettssenter**

Bakgrunnen for prosjektet er nye vurderingar av eigar- og driftsformer for Flora Idrettssenter. Flora vidaregåande skule leiger i dag store deler av Flora idrettssenter til undervisning. Skulen opplever at det i periodar er relativt store driftsutfordringar knytt til dette leigetilhøvet. Eksisterande leigeavtale er under reforhandling. Ein ev ny modell som er aktuell inneber at fylkeskommunen kjøper og driftar anlegget og leiger ut areal ein ikkje har trong for i opplæringsssamanheng. Det er inngått ein intensjonsavtale om dette, jf. FU sak 106/2017.

#### Framdrift

Partane drøftar no ulike føresetnader og vilkår for ei ev overtaking. Takst er halde og mange føresetnader drøfta, men det står att m.a. avklaringar omkring spelemidlar og semje om endeleg kjøpssum, tid for overtaking, etc. Det må og avklarast om drifta av idrettssenteret i framtida vert påverka av ei ev. etablering av ein ny fotballhall i kommunen.

#### Økonomi

Prosjektet er utfordrande økonomisk, spesielt i høve driftskostnader. Om vi føreset erverv etter takst, naudsynt oppgradering, leigeinntekter på dagens nivå og normale FDV kostnader, vil prosjektet medføre auka driftskostnader for fylkeskommunen, så langt vi no kjenner til, i storleiksorden mellom 1,5 og 2,5 mill. kr årleg. Desse kostnadane knyter seg vesentleg til auke i vedlikehald og teknisk oppgradering. Dette er ikkje overraskande sett i lys av nettopp dei driftsutfordringane skulen har peika på i dette leigeforholdet. Sentralt her vil og fastsetting av endeleg kjøpssum bli, spesielt i høve til at fylkeskommunen tidlegare har ytt støtte til prosjektet. Det vert no arbeidd meir med føresetnadane slik at vi snarast mogleg kan legge fram ei tilråding i saka.



**Måløy vidaregåande skule – blokk A og D**

Dette prosjektet gjeld primært bygg D, den maritime avdelinga, men og nokre tiltak i bygg A, administrativ del. Prosjektet som omfattar den maritime avdelinga gjeld utviding av kontorareal, fellesareal og nokre ombyggingar for fagskulen. Det er òg kome innspel der det vert peika på behovet for auke i sjønære areal for den vidaregåande skulen, samt ynskje om å ha ei tyngre satsing på den maritime delen av skulen, herunder også fagskulen. I tillegg ønskjer ein å undersøke behov og moglegheiter for ei satsing på plast- og komposittfaget.

#### Framdrift

Det er så vidt starta eit arbeid med kartlegging av behov. Det må vidare utgreiast moglege løysingar for effektiv arealutnytting av eksisterand areal og ev. moglege tilbygg eller ombyggingar for ei framtidsretta drift av anlegget.

#### Økonomi

Det er sidan økonomiplanen vart vedteken ikkje vesentlege moment i saka som no tilseier ei anna vurdering av avsette midlar.



### **Gulatinget – nytt visningscenter**

Tusenårsstaden Gulatinget er ein plass for å formidle vår nasjonale historie omkring dette viktige tingsete frå middelalderen og lovsamlinga dette gav oss. Prosjektet er eit felles prosjekt med Gulen kommune og gjeld etablering av eit visningscenter som skal løyse formidlingsbehovet og anna relevant kulturformidling på staden. Målet er derfor å bygge eit fleirbruks visningscenter som eit kommunalt og regionalt kulturbygg. På denne måten kan ein nytte ulike formidlingsteknikkar i formidlinga, samstundes som bygget også kan nyttast til ulike kulturarrangement ved sia av - eller som supplement til den historiske formidlinga

#### Framdrift

Prosjektet har i perioden 2011-2013 vore gjennom ein arkitektkonkurranse og eit skisseprosjekt. Det vert no arbeida med å gå gjennom og friske opp føresetnader, tidlegare løysingar og dei økonomiske vurderingane i prosjektet. Det er planlagt å gjennomføre eit forprosjekt som og kan legge grunnlaget for søknad om statleg med-finansiering (frist 01.03.19).

Ei intensjonsavtale som definerer mål og regulerer arbeidsfordeling mellom partane vert lagt fram for politisk handsaming i mai/juni i år (fylkesutvalet 31.05.18 og kommunestyret 22.06.18)

#### Økonomi

Det er sidan økonomiplanen vart vedteken ikkje vesentlege moment i saka som tilseier ei anna vurdering av avsette midlar. Det er eit usikkert moment om og ev. kor tid ein kan få statleg medfinansiering.



### **Mo og Øyrane vgs – Rehabilitering av internat, kantine, mm.**

Prosjektet gjeld internat og fellesbygga ( kantinedel mm) på Mo. Desse treng rehabilitering då bygga er frå 1969. Bygga har hatt eit relativt bra vedlikehald, men teknisk er anlegga for sanitær, ventilasjon og varme heilt nedslite. Det trengst ei vurdering av energiltak og på det tryggleiksmessige, ei oppgradering av elektro- og brannalarmanlegga. Vidare må betra universell utforming vurderast i tillegg til generell oppussing av overflater, kjøkken, matsal, internatromma, etc.

#### Framdrift

Prosjektet er relativt omfattande og det må gjennomførast ei nærare analyse av tilstand slik at ein gjennom eit skisseprosjekt kan tilrå tiltak og kalkulere prosjektet. Av kapasitetsomsyn er ikkje prosjektet prioritert med planlegging i første halvdel av dette året.

#### Økonomi

Det er sidan økonomiplanen vart vedteken ikkje vesentlege moment i saka som no tilseier ei anna vurdering av avsette midlar.

**Andre prosjekt under planlegging**

Investeringsprogrammet i budsjett 2018/økonomiplan for 2018-2021 (jf. FT-sak 59/2017) omhandler og nokre prosjekt der det er lagt opp til at planlegging og prosjektering vil starte etter 2018. Dette er prosjekt som i hovudsak gjeld oppgradering og rehabilitering av eksisterande bygningsmasse og gjeld prosjekta:

- Dale vgs – verkstadbygg
- Firda vgs – fløy D Aulabygget
- Årdal vgs
- Sogn Jord- og hagebruksskule – fjøs og verkstadbygg
- Fylkeshuset
- Sogndal idrettshall – badebassenget

I tillegg tek gjeldane økonomiplan med seg eit prosjekt med å betre/utvide undervisningsarealet ved Eid vgs i tråd med programsatsingane ved skulen.

Alle desse prosjekta vil etter planen komme til planleggingsstart i neste økonomiplanperiode og vil derfor bli handsama i det vidare arbeidet med økonomiplan (2019-2022)

*jtr 18.05.18*